

	Sirdal sokneråd Kyrkesenteret, Postboks 133 4441 Tonstad Org.nr. 876 993 112				
Dok nr	Dokumentnamn				
3.5.5.	Retningslinjer for arbeidsgruppa for Grøn kyrkjelyd				
Rev nr	Innhold	Utført av	Kontroll av	Godkjent av	Dato for godkjenning
0	Retningslinjer for arbeidsgruppa for Grøn kyrkjelyd	HHJ		Kyrkjeleg fellesråd	11.03.2015

Retningslinjer for arbeidsgruppa for Grøn kyrkjelyd

Formål

Grøn kyrkjelyd er ei ordning som ønskjer å bidra til glede, takksemd og undring i kyrkjelyden over å vere del av skaparverket, og forløyse engasjement og kreativitet til å ta vare på den verda Gud har gitt oss.

Mandat

Arbeidsutvalet for Grøn kyrkjelyd (AGK) har følgjande mandat:

- Utvalet skal utarbeide framlegg til handlingsplan for kyrkjelyden sitt miljøengasjement i byrjinga av kvar soknerådsperiode.
- Utvalet skal sjå til at handlingsplanen SR har vedteke blir følgt opp.
- Utvalet foreslår og iverksetjer tiltak innafor handlingsplanen sine rammer.
- Utvalet skal vere ein pådrivar og utfordre soknerådet på tema som går på miljø, forbruk og rettferd.
- Utvalet vil vere ein ressurs for kyrkjelyden på tema som går på miljø, forbruk og rettferd.

Møter

Arbeidsgruppa for Grøn kyrkjelyd møtast etter behov.

Økonomi

AGK har ikkje eigen økonomi. Sirdal sokneråd syter for naudsynt økonomisk støtte ved behov.

Organisering

AGK består av 2-3 medlemar som er oppnemnt av soknerådet. Daglig leiar har fast plass. Utvalet konstituerer seg sjølv.

Funksjonstid

Medlemane av utvalet blir vald inn for fire år.

Rapportering

Det føres møteprotokoll i saker det fattast vedtak i. Kopi av møtebok sendast soknerådet.

Godkjent av Sirdal sokneråd 11.mars 2015, sak 014/15